


Universitet og forskning i Sør-Afrika

Utfordringar etter apartheid og akademisk boikott

Elling Njål Tjønneland

D 1992: 8



Arbeidsnotat
DERAP — Forsknings- og aksjonsprogrammet for utviklingsland
Chr. Michelsens Institutt
Avdeling for samfunnsvitenskap og utvikling

ISSN 0800-2045



Universitet og forskning i Sør-Afrika

Utfordringar etter apartheid og akademisk boikott

Elling Njål Tjønneland

D 1992: 8

Bergen, oktober 1992

Arbeidsnotat D 1992: 8

Universitet og forskning i Sør-Afrika

Utfordringar etter apartheid og akademisk boikott

Elling Njål Tjønneland

Bergen, oktober 1992. 16 s.

Sammendrag:

Dette notatet gir ein gjennomgang av universitets- og forskingssektoren i Sør-Afrika. Hovudutfordringane for universiteta i eit nytt og demokratisk Sør-Afrika blir identifisert, og forskingas rolle og organisering av denne blir vurdert. Til slutt gir notatet ein diskusjon av kva rolle norske universitet og utanlandsk støtte kan ha etter at den akademiske boikotten er heva.

Summary:

This paper offers a review of the university and research sector in South Africa. It presents the different categories of universities and their profile under apartheid. The major challenges facing the universities in a new democratic South Africa are identified. The role and organisation of research are also assessed. The final part discusses the role of Norwegian universities and foreign aid after the end of the academic boycott.

Stikkord:

Høgare utdanning
Universitet
Forsking
Sør-Afrika

Indexing terms:

Higher education
Universities
Research
South Africa

Kan bestilles fra Chr. Michelsens Institutt, Avdeling for samfunnsvitenskap og utvikling, Fantoftvegen 38, N-5036 Fantoft, Norge. Tlf: (05) 574000. Telefax: (05) 574166

Innhald

Universiteta i Sør-Afrika — eit riss	1
Forsking og forskingsråd	6
Mot ein ny universitetspolitikk	8
Kva rolle for Norge og norske universitet?	11
Vedlegg: Sørafrikanske universitet og inntak av studentar	14
Referansar	15

Verknaden av apartheid på utdanninga i Sør-Afrika er velkjent. Såvel sjølve utdanninga som undervisningsadministrasjonen har vore særmerka av eit rigid raseskilje der til og med dei 4 offisielle rasegruppene (og 10 definerte afrikanske folkegrupper) har separate departement og statsrådar. Ulike læreplanar for dei forskjellige rasegruppene har ytterlegare medverka til å sementere skiljelinene. Det er vidare ein dramatisk ulikskap mellom dei ulike rasegruppene i fordelinga av dei offentlege utgiftene, noe som også kan lesast ut av indikatorar på utdanningsnivået. Mens dei kvite (under 15% av befolkninga) har eit utdanningstilbod og eit utdanningsnivå som kan samanliknast med det vi kjenner i Vest-Europa, er det store fleirtalet av svarte, og særleg afrikanarar, funksjonelle analfabetar.¹ I aldersgruppa 15-24 år indikerer data frå folketeljinga på midten av 1980-talet at over 12% av afrikanarane ikkje har noen form for formell skolegang bak seg, mens over 1/3 ikkje har fullført folkeskolen.² Denne folketeljinga omfattar ikkje dei fire "sjølvstendige" reservata der skoletilbodet er enda dårlegare.

Dette notatet vil fokusere på høgare utdanning, meir presist på det vi i Norge vil kalle universiteta og dei vitenskaplege høgskolane. Dei meir yrkesretta "technikons" og "colleges" i Sør-Afrika (med rundt 25% av studentmassen på tertiærnivået) vil ikkje bli diskutert sjølv om skiljet mellom dei ofte er flytande, særskilt når ein ser på undervisningstilbodet ved enkelte av universiteta for afrikanarar. Notatet vil også knytte noen merknader til forskning og forskingsrådsstrukturen. Til slutt vil eg komme med noen synspunkt på kva rolle norske universitets- og forskingsmiljø kan spille i forhold til Sør-Afrika etter at den akademiske boikotten nå er heva.

Universiteta i Sør-Afrika — eit riss

Sør-Afrika har, etter afrikansk målestokk, ein stor og velutbygd universitetssektor med sine 21 universitet. Universiteta er ein slag halv-offentlege institusjonar finansiert over statsbudsjetta. Dei har likevel, med unntak av universiteta for dei svarte, hatt stor grad av indre sjølvstyre. Apartheidpolitikken har derimot lagt viktige rammer for universiteta og deira rolle. Dels, og kanskje viktigast, ved å sørge for at utdanningstilbodet på lågare nivå har vore slik at få svarte, spesielt afrikanarar, kan kvalifisere seg for opptak til høgare utdanning. Og dels ved å slå fast at også universiteta skal vere rasedelte. Dei svarte fekk sine egne universitet med langt dårlegare tilbod og ressursar enn dei kvite. Svarte kunne berre bli tatt opp på universiteta tiltenkt kvite dersom dei skulle studere fag, eller ta ein akademisk grad, som dei svarte utdanningsinstitusjonar ikkje hadde tilbod i — og da først berre etter individuell søknad til den ansvarlege kvite statsråden. Apartheidlovene slo også fast at svarte som ein hovduregel ikkje kunne tilsetjast

¹ I dette notatet blir "svart" nytta som ei fellesnemning for afrikanarar, indarar og farga.

² I mengda av generell faglitteratur om utdanningssystemet i Sør-Afrika kan følgjande nyare bidrag trekkast spesielt fram: B.Nasson & J.Samuel (eds.) (1992); K.Hartshorne (1992); M.Nkomo (ed.)(1990); og E.Unterhalter et al.(eds.) (1991).

i akademiske stillingar ved kvite universitet. I tillegg har sjølvsagt den generelle undertrykkinga og kneblinga av all opposisjon lagt lokk på fri intellektuell tenking som, saman med akademisk isolasjon, også har medverka til ein stor "hjerneflukt" frå landet som var særleg markant på 1960-talet og i dei tidlege 1970-åra.

Resultatet av dette har ikkje berre blitt at det mest ikkje er svarte med høgare akademisk utdanning, men også til at det er blitt ein skrikande mangel på utdanna arbeidskraft på stadig fleire område.³ Det er rett og slett for få kvite til å møte dei veksande behova for slik arbeidskraft. Rekruttering av spesialisert arbeidskraft frå Vesten har ikkje vore tilstrekkeleg til å kompensere for dette. Frå slutten av 1970-åra skulle vi få ei rekke endringar i universitetspolitikken for å takle både desse utfordringane og dei stadig meir aggressive og radikale krava frå ein veksande svart motstand. Først fekk vi ein kraftig utbygging i talet på studieplassar for svarte, og afrikanarar spesielt. I utgangspunktet skjedde dette etter dei tradisjonelle kriteria i form av utbygging av svarte universitet, men frå midten av 1980-talet begynte den rigide segregeringa av universiteta etter raselinjer å bryte saman. Lokale krefter ved fleire av universiteta utnytta og den politiske liberaliseringa og den tradisjonelt sterke universitetsautonomien til å presse fram viktige endringar i opptakskriteria.

Endringane kan kanskje best illustrerast ved å ta utgangspunkt i den tradisjonelle tredelinga av den sørafrikanske universitetssektoren.⁴ To kategoriar universitet — afrikaansspråklege og engelskspråklege — er retta inn mot kvite, mens eigne universitet er bygd opp for dei ulike svarte folkegruppene. Dei 5 afrikaansspråklege (6 om vi tar med det tospråklege *University of Port Elisabeth*) — med Sør-Afrikas største og politisk sett viktigaste, *Universiteit van Pretoria*, i spissen — har alle stått den dominerande afrikandar nasjonalismen og det regjerande Nasjonalistpartiet nær. Dei har mest ikkje tatt inn svarte studentar trass i at det nå ikkje er noe juridisk hinder for dette. Ved inngangen til 1990-åra har desse universiteta likevel tatt til å oppheve restriksjonane og åpna opp for større inntak av svarte studentar. Innafor alle, men kanskje spesielt ved *Stellenbosch*, der afrikandar nasjonalismen hadde sitt ideologiske utspring, er det likevel markante grupper av kvite akademikarar og intellektuelle som har søkt seg mot ANC og den svarte demokratirørsla.

Dei 4 engelskspråklege universiteta for kvite — *University of Cape Town*, *University of the Witwatersrand* i Johannesburg, *University of Natal* i Durban og Pietermaritzburg og det mindre *Rhodes University* i Grahamstown — har forfekta dei klassiske liberale idealane om frie og uavhengige akademiske institusjonar. Dei

³ Sjå her også det statistiske materialet som er presentert Commonwealth Secretariat (1991).

⁴ For eit generelt oversyn over universitetssektoren, med faktiske opplysningar om dei enkelte institusjonane og statens rolle før dei siste endringane, sjå s.26-61 i J.A.Marcum (1982) og J.A.Dreijmanis (1988).

har også i fagleg forstand vore dei mest prestisjetunge og internasjonalt orienterte universiteta i Sør-Afrika. Desse universiteta har protestert mot apartheidlovene og dei føringar og hindringar som dei har skapt, særleg i forhold til opptak av svarte studentar. Det må likevel understrekast at dei alle likevel har tilpassa seg det eksisterande lovverket og gjorde, til langt ut i 1980-åra, få forsøk på å bryte ut av dette. Derimot har ideala om fri forskning, saman med eit sterkt indre sjølvstyre, verka til at desse universiteta har blitt ein viktig arena for framveksten av radikale miljø for forskning og utredningar frå slutten av 1970-åra og framover.

Med nye åpningar i lovverket i siste halvdel av 1980-åra skulle likevel alle desse universiteta komme til å legge større vekt på å ta inn afrikanske, farga og indiske studentar. I dag er rasesamansettinga av studentmassen på "undergraduate" nivå blitt totalt endra (sjå vedlegget nedanfor). På ulike måtar, men med varierende styrke, har desse universiteta også lagt vekt på ulike former for positiv diskriminering (affirmative action) og støtteundervisning for å hjelpe dei nye svarte studentane som ofte har store hol i basiskunnskapen frå det vidaregåande skoleverket.

University of South Africa, UNISA, står i ei særstilling. Dei fleste av universiteta i Sør-Afrika har ei forhistorie som eit "college" under dette. UNISA er eit tospråkleg universitet som gir tilbod om deltidsstudiar gjennom brevkurs og korrespondanse. Dei kan tildele akademiske gradar heilt opp til doktorgradsnivå og har tilbod på dei fleste fagområde. UNISA er eit åpent universitet med godt over 100 000 registrerte studentar i 1990, halvparten svarte, og inntaket aukar frå år til år. Det opererer utfrå eit imponerende hovudkvarter og eit enormt sentralbibliotek i Pretoria — i følge eigenreklamen har UNISA det største "campus" på den sørlege halvkula — og med regionale kontor og bibliotek i fleire stor byar saman med hundrevis av eksaminasjonssentra rundt omkring i landet. Hovudtyngda av dei akademisk tilsette, som og har tid til eiga forskning, er afrikandarar og menn og dette blir reflektert både i undervisningstilbod og prioriteringar. UNISA er ein viktig institusjon for alle dei, ikkje minst svarte, som ikkje har råd eller høve til å studere på heiltid. Hovudproblemet er likevel, som for alle korrespondanseuniversitet, at studentane bruker svært lang tid på å komme i gjennom og at strykprosenten gjerne er svært høg.

I tråd med apartheidideologien blei det frå slutten av 1950-talet bygd opp egne universitet for dei svarte folkegruppene. I dag, etter ei sterk utbygging frå slutten av 1970-åra, er det i alt 10 slike universitet (sjå eit oversyn i vedlegget).⁵ I motsetnad til dei kvite universiteta har desse hatt liten grad av indre autonomi. Dei har alle heile tida vore stramt kontrollert av styresmaktene. Dei er administrativt underlagt og kontrollert enten av styresmaktene i reservata, av Department of Education i Pretoria (dette gjeld dei av desse universiteta for afrikanarar som er

⁵ Jfr. presentasjonen i S.Badat (1991).

lokalisert i det "kvite" Sør-Afrika), eller av parlamentskammera for farga og indarar. Dei akademiske tilsette har også generelt vore konservative kvite, ofte afrikandarar med sterk forankring i apartheidideologien. Undervisningstilbodet har vore avgrensa til relativt få fag og har sjeldan gått ut over "undergraduate" nivået. Noe nedsettande har desse universiteta ofte blitt kalla "bush colleges" sidan dei fleste av dei er lokalisert ute på landsbygda i reservata. Utan samanlikning elles, og ser ein bort frå raseskiljet, kan dei fleste av desse universiteta seiast å ha same rolle som distriktshøgskolane i det norske utdanningssystemet.

Det einaste av desse universiteta som ikkje har vore grunnlagt av apartheidideologane er det tradisjonsrike *University of Fort Hare* som i dag er retta inn mot xhosa-studentar i Ciskei-reservatet. Fort Hare blei oppretta av misjonærar tilbake i 1916, og blei eit sjølvstyrt universitet i 1959. Det var i fleire tiår den sentrale høgare utdanningsinstitusjonen for svarte — også for mange svarte frå engelske koloniar i det sørlege Afrika. Som Mandela-generasjonens lærestad har Fort Hare fått ein særskilt plass både i utviklinga av den svarte nasjonalismen og som eit ikkje-rasistiske eksperiment i eit rasedelt samfunn. I dag er det derimot lite som skiljer Fort Hare frå dei andre apartheid kontrollerte universiteta.⁶

Siste halvdel av 1980-åra har det likevel vore viktige endringar innafor denne gruppa av svarte universitet, endringar som har gjort at fleire av dei også har blitt sentrale aktørar i kampen for demokrati. Først kom endringane i universitetet for dei farga, *University of the Western Cape* (UWC). Radikale universitetskrefter utnytta liberaliseringa under P.W.Botha og dei nye privilegiane til den farga befolkninga til å velje ei ny universitetsleiing i 1987. Med den nye rektoren, professor Jakes Gerwel, i spissen tok den nye universtetsleiinga sikte på å føre UWC ut av den apartheid-definerte rolla som eit universitet for farga og å gjere det til eit "folkets universitet" og ein ressurs i kampen mot apartheid. Langt på veg har dei lukkast. Inntaket av nye studentar er fleirdobla og talet på afrikanske studentar er stort og raskt aukande. Store ressursar er nytta på ulike former for støttetiltak for å hjelpe svarte studentar som elles ikkje ville hatt noe studietilbod. Læreplanar og undervisningstilbod er til dels radikalt endra, og universitetet ønsker å bruke sine ressursar og ekspertise i planlegginga og oppbygginga av eit nytt demokratisk og ikkje-rasistisk Sør-Afrika.⁷ I kjølvatnet av omlegginga her kom ein tilsvarande revolusjon ved universitetet for indarane, *University of Durban-Westville* (UDW) og ved to av universiteta for afrikanarar, *University of Fort Hare* og *University of the North*. Dei afrikanske universiteta har likevel ikkje hatt same ressursane som UWC og UDW, men dei forsøker å kjøre i same spor. Ved dei andre afrikanske universiteta er situasjonen meir flytande og der ulike tendensar

⁶ Sjå diskusjonen av Fort Hare i E.Beale (1990/91).

⁷ Sjå ei tidleg vurdering av denne strategien frå professor Gerwel og andre trykt i *Die Suid Afrikaan* i 1988 (Gerwel, J. m.fl. 1988). Jfr. og M.Ralekheto (1991) og eit bidrag frå rektoren ved University of Durban-Westville, professor Jairam Reddy (1992).

gjer seg gjeldande. Noen kjører vidare i same spor som før. Dette gjeld t.d. *Vista University*, som blei oppretta i 1981 for afrikanarar i byane for å gjere det lettare å nekte dei opptak til kvite universitet. Vista er dominert av afrikandarar og har avdelingar ved fleire av dei store afrikanske byane slik som t.d. Soweto. Ved andre har vi fått forsøk på tilstramming og sterkare kontroll. Dette er best representert ved universiteta i Boputhatswana og KwaZulu, *University of Bophuthatswana* og *University of Zululand*. Atter andre, i skrivande stund best representert ved *Venda University*, er i ferd med å bryte saman fordi det ikkje er noen ny og legitim universitetsleiing til å ta over.

Desse endringane har ført til at fleire av dei svarte universiteta og dei kvite engelskspråklege universiteta ikkje lenger kan kallast rasedelte institusjonar. Det er likevel framleis viktige skilnader mellom leiinga ved dei enkelte universiteta. Ved dei engelskspråklege har ein t.d. ikkje vore villig til å bruke like store ressursar på omleggingar og rekruttering av svarte studentar som dei fire radikale svarte universiteta nemnt ovafor. Dei har, for å seie det litt forenkla, lagt vekk på å avvise raseskilje, men har ikkje vore like villige til å bruke like sterke ressursar på positiv diskriminering. Dei definerer heller ikkje universiteta i same grad som ressurs i kampen for demokrati. Dei engelskspråklege universiteta har tendert til å understreke at den akademiske standarden ikkje må bli redusert, mens fleire av dei svarte universiteta legg større vekt på å ta inn fleire svarte studentar, særleg afrikanske.

Skiljet skal likevel ikkje overdrivast. Går vi ned på lågare nivå ved dei enkelte universiteta — på fagmiljø, institutt og fakultet — vil skiljelinene ofte bli nokså flytande. Ein vil finne fagmiljø ved dei engelskspråklege universiteta som spiller ei svært positiv rolle i kampen for demokrati, mens ein ved universitet med ei radikal leiing også framleis vil kunne finne svært så bakstreverske grupperingar. Såleis vil ein da også i det pågåande utredningsarbeidet for eit nytt og demokratisk Sør-Afrika finne at samarbeidet går på tvers av slike institusjonelle skiljer. Innafor området økonomisk politikk t.d. har såleis ANC og fagrørsla Cosatu initiert eit større utredningsprogram som involverer ei lang rekke akademikarar frå mest alle av Sør-Afrika sine universitet. Eit institusjonelt samarbeid for å utføre dette er også bygd opp mellom University of the Witwatersrand, University of the Western Cape, University of Durban-Westville og University of the North. Det koordinerande sekretariatet for dette er lagt til Department of Economics ved University of the Witwatersrand. Tilsvarande mønstre ser vi også på ei lang rekke andre område.

Etter ei slik poengtering av viktige endringar det siste tiåret er det likevel nødvendig å understreke arven frå apartheid og den vedvarande ulikskapen mellom rasane. Trass i den sterke ekspansjonen av studieplassar for svarte og særleg afrikanarar er det, sett i høve til folketalet, framleis få svarte studentar. I forhold til den kvite befolkninga er det over 10 gonger så mange kvite studentar som svarte. Ulikskapen mellom rasane blir enda meir påfallande og dramatisk når ein

ser på fordelinga av studentar på fag og fakultet. Hovudtyngda av det nye inntaket av svarte er i humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag, mens dei viktige tekniske, matematiske og naturvitenskaplege faga — og fag der basiskunnskap herifrå er viktig, slik som i økonomi — framleis er dominert av kvite og med svært få afrikanske studentar. Svært mange av dei nye studentane er også avhengige av omfattande støtteundervisning og ulike former for forkurs før dei kan ta til på eit eigentleg universitetsstudium. Det totale studenttalet i Sør-Afrika er heller ikkje stort. I dag er det snaut 300 000 universitetsstudentar, og av desse er som nemnt over meir enn 100 000 knytt til korrespondanseuniversitetet — det er lite i forhold til ei befolkning på 36 millionar.

Den svake innslaget av kvinner blant dei akademisk tilsette ved universiteta må og understrekast. Dette er både ein refleks av den tradisjonelt sterke mannsdominansen i det sørafrikanske samfunnet, og av at universiteta heller ikkje har tatt i bruk mekanismer for positiv diskriminering på dette området. Dominansen av menn er derimot truleg større ved dei svarte universiteta enn ved dei engelskspråklege.

Dei offentlege bevilgningane til universiteta har heller ikkje halde følge med veksten i talet på studentar. Støtta over statsbudsjettet er den viktigaste finansieringskjelda for universiteta. Overføringane er (noe forenkla) utmåla etter talet på studentar, men dei siste åra har strammare budsjett ført til kutt og nedskjeringar i desse overføringane. Dei universiteta som har ekspandert ved å ta inn fleire svarte har derfor blitt særleg hardt ramma av dette. Samtidig er svarte studentar ei gruppe som i stor grad ikkje er i stand til å betale høge studieavgifter, den viktigaste alternative finansieringskjelda. Resultatet av dette viser seg i aukande tendensar til overbefolka universitet og store undervisningsbyrder for lærarstaben ved enkelte av lærestadene. Dette har særleg dei svarte universiteta som i utgangspunktet også hadde dårlegare økonomiske rammevilkår enn dei kvite. Det må likevel leggjast til at det er langt igjen til vi kan snakke om “afrikanske tilhøve” ved dei svarte sørafrikanske universiteta; infrastrukturen og ressursane her er framleis gode i samanlikning.

Forsking og forskingsråd

Sør-Afrika skiljer seg ikkje berre utifrå fattigare afrikanske land ved at dei har eit etter måten godt utbygd nett av universitet. Landet har også ein relativt stor sektor for forsking og utredning. Dette kan illustrerast ved dei to statlege forskingsråda *Human Sciences Research Council* (HSRC) og *Council for Scientific and Industrial Research* (CSIR).⁸

⁸ Dei faktiske opplysningane om tal om budsjett og talet på tilsette ved HSRC og CSIR er henta frå 1990-91 årsrapportane frå desse to.

HSRC hadde i 1990 eit budsjett på rundt 80 millionar Rand (ca NOK 180 millionar) og ein stab på 900 personar. Av desse er rundt 340 forskarar. Størsteparten av midla bruker HSRC på eiga forskning og på oppdrag for statlege institusjonar og andre. Ein mindre del, 10-20%, går til å finansiere forskingsprosjekt og -program ved universiteta (dei har på dette området omtrent same rolle som NAVF/NORAS i Norge). HSCR har tradisjonelt hatt ei sterk slagside mot dei kvite afrikaansspråklege universiteta. Styret, leiinga og staben ved HSRC er da og dominert av folk med bakgrunn herifrå. Dette rådet har aldri vore noen kanal for finansiering av samfunns- og apartheidkritisk forskning, eller noe instrument for positiv diskriminering (anna enn av afrikandarar!). Dei har heller ikkje hatt noen rolle i planlegginga for eit nytt og demokratisk Sør-Afrika. Dette har likevel endra seg noe i siste halvdel av 1980-åra ved at tradisjonelle akademiske kriteriar er lagt til grunn for tildeling av forskingsmidlar. Mellom anna er nå seniorforskarar også ved dei engelskspråklege universiteta trukke sterkare inn i fagkomitear for å vurdere prosjektsøknader. Samtidig har HSRC gjennom eiga forskning og utredning posisjonert seg som ein slag "superkonsulent" for staten og sentral aktør bak reformpolitikken til regimet, først for P.W.Botha og nå for F.W.de Klerk.⁹

CSIR har ein stab på ca 4000 og eit budsjett på rundt 450 millionar Rand (i overkant av 1 milliard NOK).¹⁰ Dei har ei sterk orientering mot næringslivet og har viktige delar av inntekta si frå oppdrag for verksemdar i privat og offentleg sektor. CSIR, med alle sine forskingsinstitutt og -grupper, har vore ein viktig ressurs bak økonomisk utvikling og industrialisering i Sør-Afrika. Det vil det og vere i eit demokratisk Sør-Afrika der vitskap og teknologisk utvikling må stå sentralt skal ei omlegging til ein ny økonomisk utviklingsstrategi bli vellykka. CSIR har vore brukar- og marknadsstyrt i prioriteringane sine. Det har ført til at dei har fokusert på utvikling av kapitalintensiv teknologi lite tilpassa ein samfunn med stor og veksende arbeidsløyse. Dei har heller ikkje satsa ressursar retta inn mot å møte behova til dei svarte. Dei siste åra har det likevel vore visse mindre endringar i CSIR prioriteringane her. M.a. har dei nå eigenfinansierte prosjekt på utvikling av teknikkar for massiv boligbygging for svarte ("low-cost housing") som dei reknar med vil bli ein viktig marknad i tida framover.

Det er også ein stor forskings- og utredningsaktivitet av meir samfunns- og apartheidkritisk karakter ved dei enkelte universiteta.¹¹ Dette har vakse fram frå slutten av 1970-talet og har i første rekke hatt utspring ved dei kvite

⁹ Sjå meir om HSRC i N.Cloete & J.Muller (1991) og C.White (1992).

¹⁰ Jfr. diskusjonen av CSIR i C.G.Garrett & J.B.Clark (1992): "Science and technology in transformation in South Africa", *Transformation* (Durban), No 18/19, 1992: 12-21. Sjå og diskusjonen av situasjonen for vitskap og teknologiutviklinga i Sør-Afrika i A.Pouris (1992).

¹¹ Sjå her oversynet i fleire artiklar i *Transformation* (Durban), No 18/19, 1992. Dette er eit temanummer om "Research and social transformation".

engelskspråklege universiteta. Etter kvart har slik forskning også fått fotfeste ved mange av dei andre universiteta. Ved dei svarte universiteta har det derimot, med visse unntak for University of the Western Cape og University of Durban-Westville, vore lite forskingsaktivitet. Knappe ressurser har gjort forskning vanskeleg og stram politisk kontroll har skapt store hinder for all "kontroversiell" aktivitet. Ved enkelte av dei desse svarte universiteta har det likevel vore ein viss utredningsaktivitet knytt til behov i nærmiljøa og dei reservata dei har vore lokalisert til.

Det bør understrekast at den radikale forskinga ved sørafrikanske universitet ofte held ein høg internasjonal standard. Den har og vore til uvurderleg hjelp for anti-apartheid kampen og dei ulike demokratiske organisasjonane — sjølv om dei aller fleste av dei involverte forskarane her er kvite og menn. I dag er mye av denne aktiviteten knytt til planlegging for eit demokratisk Sør-Afrika og involverer ikkje berre samfunnsvitarar og humanistar, men og folk knytt til meir tekniske orienterte fag.

Denne radikale og alternative forskinga og samfunnsplanlegginga er økonomisk svært sårbar. Sjølv om dei enkelte universiteta finansierer viktige deler av dette, er mye av prosjektkostnadene og stillingane finansierte frå utlandet gjennom u-hjelpsmidlar og store forskingsfond (særleg frå USA, Kanada og EF-området).

Det er også ein viss forskning og utredning utanfor universiteta og forskingsråda. Dette er mest omfattande innafor statlege institusjonar, slik som Development Bank of Southern Africa, eller institusjonar forankra i det private næringslivet, slik som t.d. Urban Foundation. Fleire av dei demokratiske organisasjonane har og lagt vekk på å bygge opp utredningskapasitet. Dette har som oftast skjedd ved å kommisjonere prosjekt frå universitetsmiljø, gjerne i form av eit formalisert samarbeid med universitetsinstitusjonar, og ved å trekke vekslar på akademikarar i eigne rekker.

Mot ein ny universitetspolitikk

Det er brei semje blant alle dei sentrale partane i konflikten om at utdanninga er i krise og at det er nødvendig med ein nasjonal kraftinnsats for å komme ut av dette. Dette har resultert i ein serie større utredningsprosjekt frå dei fleste aktørane; frå staten (gjennom dei ulike departementa og forskingsråda), frå næringslivet, frå eksterne aktørar som Verdsbanken og USAID, og frå dei demokratiske kreftene med ANC i spissen. Interessant nok er det verd å merke seg at dei sistnemnde har lagt vekt på å forsøke — utan særleg suksess — å trekkje dei andre grupperingane med seg i ein dialog i dette utredningsarbeidet.¹²

¹² Sjå eit godt oversyn i L.Chisholm (1992). Jfr. og E.Unterhalter et al.(eds.) (1992) og R.& A.McGregor (eds.)(1991).

Med utspring i ANC, fagrørsla Cosatu og National Education Crisis Committee blei det store *National Education Policy Investigation* (NEPI) oppretta for å kartleggje alle sider ved utdanningspolitikken og leggje fram forslag til ei ny politikk. I alt 300 skolepolitikarar, aktivistar og utdanningseksperter frå dei fleste universiteta er involvert i dei 12 arbeidsgruppene til dette prosjektet. Dei skal etter planen rapportere i andre halvår i 1992.¹³ Det synest vere brei semje mellom NEPI og dei andre om behovet for ein obligatorisk 7-årig grunnskole for alle og med eit felles pensum, og også i at teknisk utdanning og vaksenopplæring må prioriterast. Det er derimot stor avstand i synet på vidaregåande og høgare utdanningstilbod — ikkje minst i vurderinga av kva som skal prioriterast og korleis dette skal finansierast.

Eg skal la dette ligge her og i staden sjå litt på framveksande tankar rundt ein ny universitetspolitikk. Det første ein kan slå fast er at utforminga av ein politikk for universitet og forskning ikkje er ei prioritert oppgåve for noen av partane. Utdanning på lågare nivå har, og med rette, større prioritet. For det andre synest det klart at innafor området tertiær utdanning vil dei tekniske utdanningsinstitusjonane og lærarutdanninga bli prioritert, ikkje universiteta. For det tredje er det vanskeleg å tenkje seg auka budsjettoverføringar til universiteta frå ei ny demokratisk valt regjering. Utdanningsbudsjetta i Sør-Afrika er alt høge både i forhold til totale offentlege utgifter og i forhold til bruttonasjonalprodukt. Utbygginga av grunnskolen vil åleine sluke all realistisk auke i mange år framover. Derimot kan vi kanskje rekne med — og forvente! — endringar i tildelinga av midlar på universitetskapitla i budsjettet.

Innafor NEPI-prosjektet er det også ei arbeidsgruppe som ser på tertiærsektoren. Utgangspunktet for denne gruppa har vore tredelt: korleis finansiere denne sektoren, korleis byggje ned raseskiljet i høgare utdanning, og korleis møte økonomiens og samfunnets behov for ein drastisk auke i tilgangen på høgt utdanna arbeidskraft. I utforminga av ein politikk for å møte dette må ein gjere vanskelege val der ein raskt vil risikere å komme i ein situasjon der prioriteringane vil komme i konflikt med kvarandre. Det er også langt igjen før NEPI og ANC-miljøet kan formulere ut ein detaljert politikk. Noen hovudproblemstillingar kan likevel skisserast for å illustrere kva som står sentralt i vurderingane.

Eit hovudtema er spørsmålet om ei sterkare nasjonal styring av universitetssektoren. Universiteta er i dag, sjølv om dei er statlege institusjonar, langt på veg sjølvstyrde institusjonar med visse unntak for enkelte av dei som er oppretta for svarte. Skal ein oppnå endringar i universiteta si rolle, spesielt i forhold til å ta opp fleire svarte studentar, og skal ein få ei betre utnytting av

¹³ Sjå her også ein artikkel av John Samuel, ein av Sør-Afrikas fremste utdanningseksperter og nå leiar av ANC's Education Department (Samuel 1992). NEPI-prosjektet har fått ein større presentasjon i "Education Supplement to *The Weekly Mail*" (Johannesburg), September 1992.

knappe ressursar, vil dette forutsette sterkare statleg koordinering og styring. Dette vil møte kraftig motbør frå sterke universitetskrefter, dels dei — særleg frå kretsar ved dei engelskspråklege — som argumenterer for klassiske ideal om autonomi, og dels frå kretsar — særleg ved afrikaansspråklege — som fryktar for at dei kan risikere å få ei studentmasse dominert av svarte.

Nært knytt til diskusjonen om graden av nasjonal styring er også spørsmålet om kanaliseringa av dei offentlege bevilgningane til dei enkelte universiteta. I dag går dette (i hovudsak) etter studenttalet, men andre prinsipp kan og tenkjast. Dels kan ein gi tilskot ut frå nasjonale prioriteringar i utvalet av institusjonar, undervisningstilbod og tiltak. Dels kan ein tenkje seg ei radikal omlegging av finansieringsordninga der ein større del av inntektene til universiteta blir knytt til innføring av høge studieavgifter som i sin tur i stor grad vil bli betalt av staten gjennom ei stipendordning, men der stipenda er behovsprøvd.

Det vil også vere nødvendig med eit nærmare samarbeid mellom dei enkelte universiteta. For ein utanforståande er det ikkje utan vidare sjølv sagt at Sør-Afrika bør halde fram med 21 separate universitet. Det vil raskt framstå som sløsing med ressursar t.d. å halde seg med fire konkurrerande universitet i ein region som Eastern Cape (University of Fort Hare, University of Transkei, University of Port Elisabeth og Rhodes University). Ei samanslåing eller integrering (t.d. i form av eit universitet med fleire "satellittar") er derimot lettare sagt enn gjort. Det bør likevel vere mogleg å sørgje for både ein større grad av arbeidsdeling og spesialisering mellom universiteta, og med betre høve for studentar til å flytte mellom dei enkelte universiteta. På nasjonalt nivå er ei slik arbeidsdeling særleg viktig på "post-graduate" nivå.

Eit anna viktig område er kva slag nivå universiteta skal legge seg på. Skal dei forsøke å strekkje seg etter internasjonale modellar som Oxbridge, eller skal dei slå av på ambisjonane og heller satse på å få fleire gjennom på eit lågare nivå (og heller slå seg til ro med at berre eit lite mindretal vil kunne komme opp på eit internasjonalt nivå). Ressurstilgangen og kunnskapsnivået til nye studentar tilseier realisme og at hovudinnsatsen må rettast inn mot å byggje ut undervisning på "undergraduate" nivå med sterk vektlegging på ulike former for forkurs og støtteundervisning. I vektlegginga her vil det vere ulike prioriteringar mellom dei enkelte universiteta (illustrert t.d. i skilnaden mellom University of the Western Cape som vil ta inn flest mogleg og University of Cape Town som er svært opptekne av å passe på standarden og av at kvaliteten ikkje må bli redusert).

Til slutt bør også dei sørafrikanske universiteta si rolle i forhold til dei høgare utdanningsinstitusjonane i resten av det sørlege Afrika trekkjast fram — eit tema som dessverre langt på veg er neglisjert i den sørafrikanske debatten om universitetspolitikk. Sør-Afrika framstår som ei stormakt i denne historisk og økonomisk tett integrerte regionen. Dei andre har alle, i samanlikning med Sør-Afrika, svake og sårbare universitet. Eit tettare samarbeid, bl.a. gjennom

oppbygging av nye tilbod og lokalisering av spesialiserte utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbod, vil vere til fordel for alle partar. Samtidig har den sørafrikanske dominansen også ei anna og meir negativ side. Ingen av nabostatane kan måla seg med dei meir attraktive lønns- og arbeidsvilkåra ved sørafrikanske universitet. Det gir ein reell fare for "hjerneflukt" frå regionen til Sør-Afrika.

Kva rolle for Norge og norske universitet?

Norge og norske universitet har slutta opp om den internasjonale akademiske boikotten av Sør-Afrika. Samtidig har Norge på ulikt vis søkt å støtte anti-apartheid kampen på universitetsfronten. Det er såleis gitt økonomisk støtte til stipend program for svarte studentar både i eksil — nå under avvikling — og inne i Sør-Afrika. Gjennom SAIH er det også kanalisert viktig støtte til forskning og utredning knytt til ein ny utdanningspolitikk, bl.a. eit større program leda av Harold Wolpe ved University of the Western Cape som har stått sentralt bak NEPI-utredninga omtala ovafor.

Den politiske utviklinga i Sør-Afrika har ført til at den akademiske boikotten nå er heva. Dette reiser også spørsmålet om kva haldning norske universitet og akademikarar skal ha til Sør-Afrika framover, både i forhold til den pågåande overgangsperioden og til det nye, får vi håpe, demokratiske Sør-Afrika. Her er det sjølvstøtt viktig kva universiteta i Sør-Afrika sjølve ønskjer av støtte og samarbeid. Delegasjonen frå det norske universitetsrådet som besøkjer Sør-Afrika hausten 1992 kan spille ei viktig rolle her.

Noen generelle merknader kan likevel knytast til dette. For det første er det viktig med støtte til vidare demokratisering av universiteta og planlegginga av ein ny politikk for høgare utdanning og forskning. Den støtta som i dag blir kanalisert til dette, og som har utspring i bistandsbudsjettet til Utanriksdepartementet, bør fortsette i denne kritiske overgangsperioden.¹⁴ I 1993-budsjettet er det dessverre foreslått ei drastisk nedskjering i bistandsoverføringane til Sør-Afrika, men støtta til stipendprogramma og utredningsprosjekta blir venteleg ikkje omfatta av nedskjeringa (det er i første rekke prosjekt utafor Sør-Afrika som opplever kutt og stans i støtta). Det kan også vere aktuelt med utvida støtte til utredning av ein ny politikk for høgare utdanning og forskning. På noen område skal ein heller ikkje sjå bort frå at norske universitet kan spille ei meir direkte rolle. I forholdet til dei problemstillingane som er streka opp ovafor er det særleg to som peiker seg ut. Dels gjeld dette spørsmålet om statleg planlegging og styring av universiteta. Trass alle sine manglar og den ulike konteksten, representerer den norske modellen eit viktig framsteg i forhold til posisjonane i den sørafrikanske debatten. Eit tilbod om å la studiegruppa på tertiærsektoren under NEPI-prosjektet og interessegrupper av

¹⁴ Sjå også ein prinsipiell diskusjon av norsk støtte til demokratibyggjing i Sør-Afrika i kp 7 ("Norwegian aid to a new democratic South Africa"), s. 135-48 i E.N.Tjønneland (1992).

typen "Committee for University Principals" studere erfaringar frå Norge og Norden på dette feltet kan gi positive resultat.

Eit anna område er regionalt samarbeid om høgare utdanning i det sørlege Afrika. Norske universitet har i dag samarbeidsavtalar med ei lang rekke høgare utdanningsinstitusjonar i fleire land i det sørlege Afrika. UD/NORAD kanaliserer og mye støtte til universitet og utdanningsinstitusjonar i denne regionen både direkte og gjennom bl.a. Nasjonalt utvalg for utviklingsrelatert forskning og utredning (NUFU). Med demokratisering i Sør-Afrika og reintegrering av dette landet i resten av regionen vil rammevilkåra også for universitet- og høgskolesektoren kunne bli radikalt endra. Trass dette er det knapt noen som har tatt til å tenkje på korleis ein slik situasjonen skal møtast og korleis nye sjansar og utfordringar skal utnyttast til beste for regionen. Også dette er område der norske initiativ bør vere velkomne. På ein del område bør dessutan norske bistandsorgan ha ein direkte interesse av dette. Kva er t.d. konsekvensen for eksisterande støtte til t.d. regionale opplæringsprogram, og kva med støtte til maritim opplæring i Mosambik dersom opplæringsavdelinga i det sørafrikanske statselskapet Portnet tar på seg å overta heile greia?

Samarbeid om forskning vil vere ein viktig og berande komponent i eit framtidig universitetssamarbeid med Sør-Afrika. Her er det fleire norske miljø som umiddelbart er aktuelle. I første rekke gjeld dette alle dei som på ulikt vis alt er engasjert i utviklingsforskning (i vid forstand) i denne delen av Afrika. Avdeling for samfunnsvitskap og utvikling ved Chr. Michelsens Institutt (CMI) i Bergen, som har det største samfunnsvitskaplege forskingsmiljøet på det sørlege Afrika i Norge, har såleis alt innleida eit uformelt samarbeid med ei rekke universitetsmiljø i Sør-Afrika og vil byggje dette vidare ut i tida framover. M.a. vil fleire sørafrikanarar opphalde seg som gjesteforskarar ved CMI. Også fagmiljø utanfor dei tradisjonelle utviklingsforskninga vil vere aktuelle i eit slikt samarbeid. I særstilling står kanskje historieforskninga med utgangspunkt i dei norske misjonsarkiva frå Natal-regionen i Sør-Afrika. Desse arkiva er ei relativt lite utnyttta kilde til viktige sider ved sørafrikansk historie. Både sørafrikanske og norske hovudfag- og doktorgradstudentar bør stimulerast til å gå laus på dette gjennom utvekslingsprogram o.l. Utgangspunktet burde vere det beste: Historikar-miljøet i Trondheim har lenge arbeidd med norsk misjon og ein av dei tilsette, sørafrikanaren Jeff Guy, vendte i 1992 tilbake til Sør-Afrika som professor og leiar av Department of History ved University of Natal.¹⁵ I tillegg er det verd å merke seg at det er ein generelt stor interesse i akademiske kretsar i Sør-Afrika for erfaringane og lærdommane frå den "skandinaviske modellen".

Også område der Norge har spisskompetanse innan meir teknologisk forskning vil kunne vere av interesse for sørafrikanske forskarar. Såleis besøkte våren 1992 ein

¹⁵ Jfr. også ei samling artiklar frå studiar av dette arkivmaterialet i J.Simensen (ed.) (1986).

delegasjon frå det sørafrikanske forskingsrådet CSIR CMI si avdeling for naturvitskap og teknologi. Sørafrikanarane var engasjert i eit større prosjekt med sikte på å redusere faren for gass eksplosjonar i gruveindustrien. CMI har utvikla ny teknologi for måling av gass konsentrasjonar som kan vise seg svært nyttig her. Tilsvarande dialog og samarbeid kan ein tenke seg på fleire tilsvarande område innan miljøteknologi, i utbygging av smelteverksindustrien i Sør-Afrika, osv.

Det er likevel grunn til å vere varsam når ein inngår avtaler med sørafrikanske institusjonar og til å advare mot å inngå for omfattande samarbeidsavtalar på dette tidspunktet. Sør-Afrika er i endring og vi vil kunne sjå mange omkalfatringar også i universitetssektoren i tida framover. Fleire er i denne situasjonen interesserte i å posisjonere seg, bl.a. gjennom avtaler med utanlandske organisasjonar og donorar. Dette bør ikkje lesast som ei argument mot å inngå avtalar — t.d. under NUFU-paraplyen — men snarare som ei understreking av at ein bør ha klart for seg kva slag politiske verknader dette vil kunne få. På lengre sikt, med eit demokratisk Sør-Afrika, bør derimot Norge kunne inngå meir omfattande avtalar med Sør-Afrika også på dette området. M.a. vil det vere ønskeleg med ein større kulturavtale som også gjerne bør innehalde ein eigen bolk om samarbeid mellom forskingsråda i Norge og Sør-Afrika. Slike avtaler bør likevel understreke prinsippa for positiv diskriminering av svarte og balansert regional utvikling.

Vedlegg: Sørafrikanske universitet og inntak av studantar

Universitet (oppretta år)	Afrikanarar		Farga		Indarar		Kvite	
	1980	1990	1980	1990	1980	1990	1980	1990
<i>Universitet for kvite</i>								
<i>Afrikaanspråklege:</i>								
Orange Free State (1950)	10	59	2	208	8 320	8 975
Port Elisabeth (tospråkleg) (1964)	28	142	39	463	6	70	2 965	4 195
Potchefstroom (1951)	6	264	3	11	2	12	6 687	8 271
Pretoria (1930)	..	293	2	92	..	33	16 658	22 905
Rand Afrikaans (1966)	3	161	2	387	4	16	4 795	8 491
Stellenbosch (1918)	7	49	81	686	4	20	12 071	13 367
<i>Engelskspråklege:</i>								
Cape Town (1918)	71	1 378	846	1 905	230	467	9 359	9 795
Natal (1949)	376	1 818	179	275	656	2 547	7 560	8 163
Rhodes (1951)	44	548	53	136	82	189	2 736	3 090
Witwatersrand (1922)	360	2 599	169	321	643	1 664	12 071	14 564
<i>Universitet for svarte</i>								
Bophuthatswana (1979)	..	2 730
Durban-Westville (1950)	7	2 637	36	154	4 756	4 474	76	377
Fort Hare (1959)	2 698	(4 058)	22	(15)	..	(15)	26	(46)
Medunsa (1976)	..	1 649	..	8	..	117	..	235
The North (1960)	2 722	10 588	2	7	..	6	28	25
Transkei (1976)	n.a.	4 922
Venda (1981)	..	(3 883)	..	(1)	..	(2)	..	(24)
Vista (1981)	..	24 697	..	300
Western Cape (1960)	18	3 425	3 963	8 322	152	474	..	184
Zululand (1960)	1 509	5 272	2	2	..	15	1	60
<i>Åpent korrespondanseuniversitet</i>								
UNISA (1951)	2 822	40 899	10 687	4 370	5 144	8 695	..	50 338

Note: Tall i () er frå 1989. University of Bophuthatswana og Transkei har ikkje brote tala ned på rase, men så godt som alle er afrikanarar. Alle tal er henta frå ulike utgåver av *Survey of Race Relations* frå South African Institute of Race Relations. Årstalet for oppretting viser til når institusjonen blei sjølvstendig universitet. Fleire har eldre røtter.

Referansar

- Badat, S. (1991): "Reformist strategies in black tertiary education" s. 73-94 i E. Unterhalter et al. (eds.) (1991).
- Beale, E. (1990/91): "'The task of Fort Hare in terms of the Transkei and Ciskei': Educational policy at the Fort Hare in the 1960s", *Perspectives in Education* (Johannesburg), vol.12, 1: 41-55.
- Chisholm, L. (1992): "South African education in the era of negotiations", s. 279-93 i G. Moss & I. Obery (eds.): *South African Review 6. From "red friday" to Codesa*, Johannesburg: Ravan Press.
- Cloete, N. & J. Muller (1991): "Human Sciences Research Council incorporated (Pty) Ltd: Social science research, markets and accountability in South Africa", s. 141-58 i J.D. Jansen (ed.) (1991).
- Commonwealth Secretariat (1991): *Beyond apartheid. Human resources in a new South Africa — Report of a Commonwealth Expert Group*, London: The Commonwealth Secretariat in association with James Currey Publishers.
- Council for Scientific and Industrial Research (1991): *CSIR Annual Report 1991*, Pretoria: CSIR.
- Dreijmanis, J. (1988): *The role of the South African government in tertiary education*, Johannesburg: South African Institute of Race Relations.
- Garrett, C.G. & J.B. Clark (1992): "Science and technology in transformation in South Africa", *Transformation* (Durban), No 18/19: 12-21.
- Gervel, J. m.fl. (1988): "Intellectual home of the Left? Some extracts from the new UWC debate", *Die Suid-Afrikaan* (Cape Town), No 15: 32-38.
- Hartshorne, K. (1992): *Crisis and challenge. Black education 1910-1990*, Cape Town: Oxford University Press.
- Human Sciences Research Council (1991): *The new HSRC for a new South Africa — Annual Report 1990*, Pretoria: HSRC.
- Innes, D. et al. (eds.) (1992): *Power and profit. Politics, labour, and business in South Africa*, Cape Town: Oxford University Press.
- Jansen, J.D. (ed.) (1991): *Knowledge & power in South Africa. Critical perspectives across the disciplines*, Johannesburg: Skotaville.
- Marcum, J.A. (1982): *Education, race and social change in South Africa*, Berkeley: University of California Press.
- McGregor, R. & A. McGregor (eds.) (1991): *McGregor's education alternatives*, Cape Town: Juta.
- Nasson, B. & J. Samuel (eds.) (1992): *Education, from poverty to liberty*, Cape Town: David Philip.
- Nkomo, M. (ed.) (1990): *Pedagogy of domination: toward a democratic education in South Africa*, Trenton, NJ.: Africa World Press.
- Pouris, A.: "Scientific literacy", s. 295-303 i D.Innes et al. (eds.) (1992).
- Ralekheto, M. (1991): "The black university in South Africa: Ideological captive or transformative agent?", s. 101-10 i J.D. Jansen (ed.) (1991).
- Reddy, J.(1992): "Research and the role of the historically-black universities", *Transformation* (Durban), No 18/19, 1992: 58-64.
- Samuel, J. (1992): "Education in South Africa: Strategic issues for the future," s. 270-78 i D. Innes et al. (eds.) (1992).

- Simensen, J. (eds.) (1986): *Norwegian Missions in African History, Vol 1: South Africa 1845-1906*, Oslo: Norwegian University Press.
- South African Institute of Race Relations (utvalde år): *Survey of Race Relations* (årbok), Johannesburg: South African Institute of Race Relations.
- Tjønneland, E.N. (1992): *Southern Africa after Apartheid: The End of Apartheid, Future Regional Cooperation and Foreign Aid*, Bergen: Chr. Michelsen Institute 1992.
- Unterhalter, E. et al.(eds.) (1991): *Apartheid education and popular struggles*, Johannesburg: Ravan Press.
- Unterhalter, E. et al. (eds.) (1992): *Education in a future South Africa, policy issues for transformation*, Cape Town: Oxford University Press.
- White, C. (1992): "Can the HSRC join in the future?", *Transformation* (Durban), No 18/19: 22-32.

Working Papers

Development Research and Action Programme — DERAP

- D 1990: 12 SKRAMSTAD, Heidi
The fluid meanings of female circumcision in a multiethnic context in Gambia. Distribution of knowledge and linkages to sexuality. Bergen, December 1990, 21 p.
- D 1990: 13 GEISLER, Gisela
The vagaries of descent-reckoning: Father's right is mother's loss. Bergen, December 1990, 19 p.
- D 1990: 14 GEISLER, Gisela
Moving with tradition: The politics of marriage amongst the Toka of Zambia. Bergen, December 1990, 24 p.
- D 1990: 15 ADAM, Yussuf
Foreign aid to Mozambique., Needs and effects. A preliminary study. Bergen, December 1990, 27 p.
- D 1990: 16 CHERRETT, I. et al.
Norwegian aid and the environment in Mozambique. The issues. Bergen, December 1990, 82 p.
- D 1991: 1 HALVORSEN, Kate
The gendered state: A review of some recent studies on women and the state. Bergen, February 1991, 29 p.
- D 1991: 2 CHILOWA, Wycliffe
Liberalisation of agricultural produce marketing and household food security in Malawi. Preliminary results from baseline survey. Bergen, February 1991, 26 p.
- D 1991: 3 CHILOWA, Wycliffe
Structural adjustment and poverty. The case of Malawi. Bergen, May 1991, 14 p.
- D 1991: 4 KAPADIA, Karin
Discourses of gender and caste in rural South India: An analysis of the ideology of impurity. Bergen, September 1991, 43 p.
- D 1991: 5 PAUSEWANG, Siegfried
Rural conditions for democracy in Ethiopia. Peasant self-determination and the state. Bergen, December 1991, 18 p.
- D 1991: 6 OFSTAD, Arve, Arne Tostensen and Tom Vraalsen
Towards a "Development Contract". A new model for international agreements with African countries? Bergen, December 1991, 13 p.
- D 1992: 1 EADI - European Association of Development Research and Training Institutes. Working Group on Information and Documentation
Strengthening cooperation in documentation for Development. A seminar on networking with special emphasis on NGOs. Bergen, March 1992, 214 p.
- D 1992: 2 SKRAMSTAD, Heidi
"Kvinner i utvikling" i Gambia. Nye kjønnsrelasjoner med hjelp fra Verdensbanken? Bergen, mars 1992, 25 s.
- D 1992: 3 CHERU, Fantu and Siegfried Pausewang
Economic Reconstruction and the Peasants in Ethiopia. Two Papers Presented at the Symposium on the Ethiopian Economy, with a Postscript. Bergen, May 1992, 66 p.
- D 1992: 4 FJELDSTAD, Odd Helge
Økonomisk velferdsteori og fordelingsaspektet. Bergen, august 1992, 22 s.
- D 1992: 5 FJELDSTAD, Odd Helge
Multiple inflasjonslikevekter og deres stabilitet: En drøfting av stabiliseringsprogrammene i Argentina, Brasil og Israel på midten av 1980-tallet. Bergen, august 1992, 21 s.
- D 1992: 6 NORBYE, Ole David Koht
EF og bistanden. Virkninger på norsk bistand av et eventuelt norsk EF-medlemskap. Bergen, august 1992, 21 s.
- D 1992: 7 CHERU, Fantu
Constraints for a conservation-based agricultural development policy in Ethiopia. A baseline study in Fedis Awraja. Bergen, September 1992, 37 p.